

Sak 07

Innsendte forslag til prinsippprogram

I prinsippprogrammet står organisasjonens politikk. Fristen for endringsforslag var 4. oktober, og nye forslag kan ikkje fremjast under sjølve møtet. På landsmøtet er det mogleg å foreslå endringar i allereie innsendte forslag. Landsmøtet vedtak om endringar i prinsippprogrammet med alminneleg flertall.

Dagens prinsippprogram ligg vedlagt dette sakspapiret [og finst og tilgjengeleg her](#).



Landsmøte i Naturvernforbundet 2024

Innsendte forslag til prinsippprogrammet

Det er sendt inn 40 forslag til endringar i prinsippprogrammet. Nokre forslag er alternative forslag frå landsstyret, og er nummerert som B-forslag.

Forslaga er nummerert etter rekkefølge i dokumentet.

Stemmegevinging i landsstyret viser antall stemmer for eller mot innstillingen på kvart forslag.

Forslag til ny tekst er understreka

Forslag til fjerna tekst er ~~strøke over~~

Forklaringer står i *kursiv*

Grunngivingar på hvert forslag er sendt inn av forslagsstiller

Forslag P1	
Kapittel: 1 Kva vi vil oppnå Side: 2 Linjenummer: 61	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Haugaland
Tilleggsforslag: <i>Tillegg etter eksisterende kulepunkter:</i> <ul style="list-style-type: none">• <u>Vi må eiga – prioritera nedbetaling av banklån, i høgare grad enn å ta opp nye banklån, auka gjeld. Det er å redusera bankane sin lagning av pengar; det minkar pengemengda i samfunnet; det minkar investeringane i samfunnet og gjev lågare privat og offentleg konsum.</u>• <u>Vi må spara – ved å investera i, kjøpa, statsobligasjonar. Det er å setja staten i gjeld til sitt eige folk, med midlar prioriterte for drift av samfunnet, til minking av konsum, på kostnad av eit lågare prioritert forbruk. Det er å ikkje sleppe kontrollen over "eigne" pengar ved sparing i bank, aksjar og fond.</u>	
Grunngiving frå forslagstiller: Folk treng å bli klar over korleis desse to formene for gjeld, banklån og statsobligasjonar, formar samfunnet. Den eine er øydeleggjande, den andre har berande kraft i seg.	
Kommentar frå generalsekretær: Det er bra med konkrete forslag til korleis vi skal få ned forbruket, men dette er eit radikalt pengeteoretisk forslag som ikkje heng saman med andre delar av politikken vår, så vi meiner det som best å ikke mene noko om dette.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke Stemmegevinging i landsstyret: Einstemmig	

Forslag P2	
Kapittel: 2 Korleis vi arbeider Side: 3 Linjenummer: 98	Forslagsstillar: Landsstyret
Tilleggsforslag: <i>Nytt avsnitt:</i> <u>Miljøbevegelsen er mangfaldig, og ulike organisasjonar bruker ulike virkemedel for å oppnå gjennomslag for sine standpunkt. Naturvernforbundet bruker ikkje sjølv sivil ulydnad. Vi kan likevel støtte bruk av ikkje-valdeleg, ikkje-skadeleg, open og respektfull sivil ulydnad i tråd med verdigrunnlag vårt.</u>	
Grunngiving frå forslagstillar: Dette er hovudessensen frå vedtak i landsstyret om Naturvernforbundets haldning til sivil ulydnad som verkemiddel i miljøkampen.	
Innstilling fra landsstyret: Forslaget bør bli vedteke Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig	

Forslag P3	
Kapittel: 2 Korleis vi arbeider Side: 3 Linjenummer: 113	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Troms
Endringsforslag: Ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet er å arbeide for å styrke folk sitt kontakt <u>og ansvar</u> med naturen.	
Grunngiving frå forslagstillar: Det følger ansvar med å ferdes i naturen.	
Kommentar frå generalsekretær: Behovet for å ta vare på naturen er allereie godt beskrive i prinsippprogrammet.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke Stemmegeving i landsstyret: 18 stemmer for innstillingen – 1 stemme mot	

Forslag P4	
Kapittel: 3 Prinsipp Side: 4 Linjenummer: 158	Forslagsstillar: Landsstyret
Tilleggsforslag: <i>Nytt kulepunkt:</i>	

Unngå – flytte – forbedre: Alle ressursar er i prinsippet knappe, og ressursbruk skapar ofte miljøutfordringar. Miljøproblema løysast best gjennom å minke ressursbruken. Ein må unngå aktivitet, flytte aktivitet til mindre miljøskadelege formar og forbedre miljøskadeleg aktivitet med til dømes ny teknologi.

Grunngiving frå forslagstillar:

Klimautvalget 2050 er tydeleg på at vi ikkje greier å kutte klimagassutsleppa på ein effektiv og berekraftig måte uten å gjere strukturelle grep. Det er ikkje nok å berre erstatte ein energikjelde med ein annan. Det såkalla UFF-prinsippet synleggjer dette godt, og det er bra om også Naturvernforbundet refererer til dette prinsippet.

Kommentar frå generalsekretær:

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: Einstemmig

Forslag P5

Kapittel: 3 Prinsipp

Side: 4

Linjenummer: 161

Forslagsstillar:

Naturvernforbundet i Trøndelag

Tilleggsforslag:

Tillegg etter eksisterande tekst:

(...) Verdas fattigaste blir i dag under miljøproblem som i stor grad er skapt av rike land og av overforbruket til privilegerte grupper. Noreg er medansvarleg for det store overforbruket og er i 2024 på 155. plass av land i verda når omsynet til forbruk er med.

Grunngiving frå forslagstillar:

Kommentar frå generalsekretær:

Tal blir lett forelda i prinsippprogrammet. At Noreg er eit rikt land, er vel kjent.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: Einstemmig

Forslag P6

Kapittel: 3 Prinsipp

Side: 5

Linjenummer: 163

Forslagsstillar:

Naturvernforbundet i Trøndelag

Endringsforslag:

Omsyn til miljø og rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn står i motstrid til mål om økonomisk vekst og auka frihandel.
Grunngiving frå forslagstillar:
Kommentar frå generalsekretær: Dagens tekst seier noko om kva som skal telje mest. Endringsforslag seier at det er ein motstrid og blir slik ei svekking av punktet.
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke Stemmegeving i landsstyret: 1 stemme for – 18 stemmer mot 18 stemmer for innstillingen – 1 stemme mot

Forslag P7	
Kapittel: 3.1 Vern om naturmangfaldet Side: 5 Linjenummer: 179–180	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Troms
Endringsforslag: Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda. Ikkje berre er menneske og dyr avhengige av naturen og tenestene den yter, Naturen <u>naturen</u> har også verdi i seg sjølv.	
Grunngiving frå forlagstillar: Bedre setning å bytte ut punktum med komma.	
Kommentar frå generalsekretær: Det er vanskeleg å sjå at det å bytte punktum med komma gir nokon meningsforskjell. Det er lettare å lese når det er punktum mellom hovudsetningar. Semikolon kan vere eit alternativ.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget behandlast som ein redaksjonell endring, utan votering Stemmegeving i landsstyret:	

Endringsforslag P8	
Kapittel: 3.1 Vern om naturmangfaldet Side: 6 Linjenummer: 220	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Troms
Endringsforslag: Naturøydleggande vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i industrialiserte område. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut.	

<p>Grunngiving frå forslagstillar:</p> <p>Industrialiserte område kan også omfatte naturområder som eksempelvis har anleggsvei eller annet inngrep. Vi må også ta vare på restnatur.</p>
<p>Kommentar frå generalsekretær:</p> <p>Om ei utbygging er naturøydeleggjande, må det stanses – det står det allereie i første setning.</p>
<p>Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke</p> <p>Stemmegeving i landsstyret: 14 stemmer for innstillingen – 3 stemmer mot – 2 avhaldne</p>

Endringsforslag P9	
<p>Kapittel: 3.1 Vern om naturmangfaldet</p> <p>Side: 6</p> <p>Linjenummer: 220</p>	<p>Forslagsstillar:</p> <p>Naturvernforbundet i Nordland</p>
<p>Endringsforslag:</p> <p>Naturøydeleggjande vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i industrialiserte område. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut.</p> <p><u>Vindindustri i inngrepsfri natur er svært naturøydeleggjande og må stansast. Etablering av vindkraftanlegg i industrialiserte område vil også ha for store negative miljøkonsekvensar som insekttap, fugledød, kjemisk forureining og lys- og lydforureining samt iskast i vinterhalvåret til at dette er forsvarleg.</u></p>	
<p>Grunngiving frå forslagstillar:</p>	
<p>Kommentar frå generalsekretær:</p> <p>Vi meiner det er riktig å kunne utnytte industrialiserte område til kraftproduksjon og ikkje være prinsipielt imot vindkraft.</p>	
<p>Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke</p> <p>Stemmegeving i landsstyret: 14 stemmer for innstillinga – 5 stemmer mot</p>	

Forslag P10	
<p>Kapittel: 3.1 Vern om naturmangfaldet</p> <p>Side: 6</p> <p>Linjenummer: 232</p>	<p>Forslagsstillar:</p> <p>Naturvernforbundet i Groruddalen</p>
<p>Endringsforslag:</p> <p>Rovdyra høyrer heime i norsk natur, og å verne om desse og areal som sikrar deira overleving også på sikt, er ein del av det å ta vare på naturmangfaldet og økosystema. Myndighetene må sikre førebyggjande innsats for å redusere tap av beitedyr og for å redusere påkjenninga for råka næringar og lokalsamfunn.</p>	

Myndighetene må sikre å øke bestanden av rovdyr til eit berekraftig nivå. Eit forbyggende tiltak kan vere å unngå utmarksbeite i område med rovdyr. Myndighetene må sikre at utsatte næringar kompenserast der beitenæringa og rovdyr kjem i konflikt.

Grunngiving frå forslagstillar:

Naturforvaltningen må skje på naturens premisser, ikke næringens.

Kommentar frå generalsekretær:

Eksisterande tekst seier at naturforvaltninga skal skje på naturen sine premissar. Ny tekst inneber ikkje vesentleg endring.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegeving i landsstyret: 17 stemmer for innstillinga – 2 stemmer mot

Forslag P11

Kapittel: 3.1 Vern om naturmangfaldet

Side: 6

Linjenummer: 238

Forslagsstillar: Landsstyret

Endringsforslag:

Norske kommunar må innføre naturbudsjett som legg til grunn nasjonale grenser for naturtap og mål for restaurering, for å oppnå for å stanse naturtapet og restaurere natur i tråd med internasjonale avtalar på dette feltet. Det må innførast juridiske krav til arealplanlegging som i hovudsak fremmar gjenbruk av tidlegare utbygde areal, med mål om minimum netto null tap av natur. Vi ønsker juridiske krav til arealplanlegging som et styringseffektivt verktøy, ikke generell avgift på nedbygging av natur.

Grunngiving frå forslagstillar:

Forslaget speglar vedtak gjort i landsstyret om naturavgift og arealnøytralitet.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke

Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig

Forslag P12

Kapittel: 3.1 Vern om naturmangfaldet

Side: 6

Linjenummer: 240

Forslagsstillar:

Naturvernforbundet i Trøndelag

Tilleggsforslag:

Nytt kulepunkt:

Forbruket av natur må ned. Dette gjelder både nedbygging av natur og korleis vi brukar naturressursane våre.

<p>Grunngiving frå forslagstillar:</p> <p>Det manglar eit punkt som konstaterer at det er ein direkte samanheng mellom forbruk og tap av natur.</p>
<p>Kommentar frå generalsekretær:</p> <p>Resultatet av forbruk av natur er tapt natur, og dette er allereie godt dekkja i prinsippprogram. Sjå også forslag P11 frå landsstyret om arealplanlegging.</p>
<p>Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke</p> <p>Stemmegeving i landsstyret: 16 stemmer for innstillinga – 3 stemmer mot</p>

Forslag P13	
<p>Kapittel: 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane</p> <p>Side: 6</p> <p>Linjenummer: 247</p>	<p>Forslagsstillar:</p> <p>Naturvernforbundet i Groruddalen</p>
<p>Endringsforslag:</p> <p>For at vi skal unngå dei mest alvorlege konsekvensane av klimaendringane, kan ikkje den globale temperaturen stige meir enn 1,5 grader <u>2 grader</u> over førindustrielt nivå <u>innen slutten av århundret</u>. Det betyr i praksis at alle klimagassutslepp frå fossil energi og avskoging må stansast så raskt som mogleg.</p>	
<p>Grunngiving frå forslagstillar:</p> <p>1,5-gradersmålet er allerede tapt. Verdens meteorologiorganisasjon (WMO) mener i en ny rapport at målet vil overskrides i løpet av de neste fem årene.</p>	
<p>Kommentar frå generalsekretær:</p> <p>Teksten tar ikkje stilling til realismen i å stanse temperaturstigning, men viser til 1,5 grader som ein terskel som ikkje bør overstigast for å unngå alvorlege konsekvensar.</p>	
<p>Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke</p> <p>Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig</p>	

Forslag P14 – TRUKKE FRÅ FORSLAGSSTILLAR	
Kapittel: 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane Side: 6 Linjenummer: 252	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Trøndelag
Endringsforslag: Raseringa av naturlege karbonlager som i skog og, myr, kulturmark, kyst, hav må stansast, og det som er øydelagt, må byggast opp att så langt som råd.	
Grunngiving frå forslagstillar: Prinsippprogrammet har i liten grad fokus på marint liv og viktige verdiar langs kyst og i hav. Det er viktig å framheve store karbonkjelder som kulturmark, kyst og hav, i tillegg til skog og myr. Naturtypene som foreslått lagt til blir ofte avglemt i denne sammenhengen.	
Kommentar fra generalsekretær: Det er viktig å nevne fleire karbonrike naturtyper, som hav, utan å ramse opp alle. Sjå alternativt forslag P17B. <i>Forslaget er trukke frå forslagsstillar.</i>	
Innstilling frå landsstyret: Stemmegiving i landsstyret:	

Forslag P15	
Kapittel: 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane Side: 7 Linjenummer: 258	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Trøndelag
Tilleggsforslag: Ei rettferdig omstilling vil krevje høge karbonavgifter med ein synleg og sosialt rettferdig fordeling for å gje heilt nødvendig folkeleg støtte til klimapolitikk. <u>Mindre import og auka sjølvberging er nødvendig for å redusere miljøpåverknaden.</u>	
Grunngiving frå forslagstillar: Miljøpåverknaden av transport over landegrensar er helt sentralt når ein vurderar heile produksjonskjeda. Dette bør konkretiserast.	
Kommentar frå generalsekretær: Det er ikkje automatisk eit likhetsteikn mellom mindre import og lavare miljøpåverknad. Sjå også forslag P22, som omhandlar sjølvbergingsgrad. Å redusere transport over landegrensene er ikkje automatisk det beste målet på lite transport sidan avstandane i Noreg er lange. Innhaldet dekkast i stor grad av teksten i 4.1 primærnæringane.	

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegeving i landsstyret: 17 stemmer for innstillinga – 2 stemmer mot

Forslag P16

Kapittel: 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane

Side: 7

Linjenummer: 280

Forslagsstilar: Landsstyret

Tilleggsforslag:

Nytt kulepunkt:

Utslippstiltak som blir gjort no, må stå seg i eit langsiktig perspektiv og bidra til omstilling av samfunnet – vekk frå fossil energi. Til dømes må klimatiltak i petroleumsverksemda ikkje bidra til å forlengje levetida for sektoren.

Grunngiving frå generalskeretær:

Forslaget speglar vedtak gjort i landsstyret om klimamål og petroleumpolitikk.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke

Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig

Forslag P17B

Kapittel: 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane

Side: 6

Linjenummer: 252

Forslagsstiller:

Generalsekretæren og landsstyret

Endringsforslag:

Raseringa av naturlege karbonlager ~~som i~~ skog og, myr, hav og andre naturtypar med stor karbonlagringsevne må stansast, og det som er øydelagt, må byggast opp att så langt som råd.

Nytt kulepunkt:

- Arbeidet med å ta vare på dei store karbonlagra i naturen må styrkast, for å redusere utslipp av klimagassar frå myr, kulturmark, skog, hav og andre naturtypar med stor karbonlagringsevne.

Grunngiving frå generalsekretær:

Skog og våtmark/permafrost er økosystema i Fastlands-Norge med det største karbonlageret. Dette er også dei mest karbontette terrestriske økosystema per arealenhet. Globalt sett er marine økosystem det desidert største langtidslageret for karbon. Kulturmarka er ein svært viktig naturtype i Noreg, men ikkje det viktigaste naturlege karbonlageret. For å unngå at prinsippprogrammet blir veldig langt, bør kun dei viktigaste naturtypene nevnes i tillegg til «og andre naturtyper med stor karbonlagringsevne».

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke

Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig

Forslag P17 – TRUKKE FRÅ FORSLAGSSTILLAR	
Kapittel: 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane Side: 7 Linjenummer: 284	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Trøndelag
Tilleggsforslag: Nytt kulepunkt: <ul style="list-style-type: none"> • <u>Arbeidet med å bevare dei store karbonlagra i naturen må styrkast, for å redusere utslepp av klimagasser frå myr, skog, kulturmark, kyst og hav.</u> 	
Grunngiving frå forslagstillar: Bevaring av naturlige karbonlagre er det viktigste tiltaket for å stanse klimaendringene. Det bør derfor både fremgå av teksten samt være et konkret kulepunkt. Dette mangler helt i dag.	
Kommentar frå generalsekretær: Samme som P14 og P17B. Det manglar et kulepunkt om naturen som karbonlager. <i>Forslaget er trukket frå forslagsstiller.</i>	
Innstilling frå generalsekretær: Stemmegiving i landsstyret:	

Forslag P18	
Kapittel: 3.3 Berekraftig ressursbruk Side: 7	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Molde
Tilleggsforslag: <i>Det er ikkje sendt inn ei konkret formulering.</i>	
Grunngiving frå forslagstillar: Vi ønskjer at tekstilforbruk og -avfall blir nemnt særskilt i prinsippprogrammet då dette utgjer ein høg del av klimagassutsleppa.	
Kommentar frå generalsekretær: Vi må passe på at programmet ikkje blir for omfattande. Programmet er overordna, og mange andre typer ressursbruk er heller ikkje nemt.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke Stemmegiving i landsstyret: Einstemmig	

Forslag P19	
Kapittel: 3.3 Berekraftig ressursbruk Side: 8 Linjenummer: 312	Forslagsstillar: Landsstyret
Tilleggsforslag: Nytt kulepunkt: Avrenninga av nærings salt og organiske partiklar trugar vassdrag og fjordar og må reduserast til eit minimum.	
Grunngiving frå forslagstillar: Forslaget speglar ein uttale («Redd Oslofjorden») vedtatt av landsstyret.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig	

Forslag P20	
Kapittel: 4.1 Primærnæringane Side: 8 Linjenummer: 332	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Trøndelag
Tilleggsforslag Når vi hentar materiale frå norske skogar, må omsynet til naturmangfaldet, <u>bevaring av karbonlager</u> , <u>reduerte utslepp</u> , og anna framtidig nytte av skogressursane ligge til grunn for mengda ressursar som blir henta ut, og måten det blir gjort på.	
Begrunnelse frå forslagstillar: Det er viktig å fremheve hensynet til karbonlagring, da dette er det viktigste tiltaket for å redusere klimagassutslipp. Dette er også noe næringen selv vektlegger.	
Kommentar frå generalsekretær: Det er viktig å få med klimaperspektivet også i høstinga frå skogen.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig	

Forslag P21	
Kapittel: 4.1 Primærnæringane Side: 8 Linjenummer: 342	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Groruddalen
Endringsforslag: Fiskeoppdrett og kjøtproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fôr som kan gå til	

menneskemat, eller som har negative følger for miljøet eller for global fordeling av naturressursar

Grunngiving frå forslagstillar:

Siden vi har sendt inn en uttalelse som oppfordrer til en utfasing av oppdrettsnæringen, vil vi også ha vekk ordet fiskeoppdrett fra denne setningen.

Kommentar frå generalsekretær:

Det er mange utfordringer med oppdrett, men det er mulig å tenke seg oppdrett innenfor naturens tålegrenser (inkludert såkalt ekstensivt oppdrett der for eksempel karpe kan mates med matrester eller inngå i et rensekretsløp).

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig

Forslag P22

Kapittel: 4.1 Primærnæringane

Side: 8

Linjenummer: 342-348

Forslagsstillar: Landsstyret

Tilleggsforslag:

Nye kulepunkter etter linje 342:

- Det norske kosthaldet må baserast på mindre kjøtt, meir plantebasert mat og meir villfanga fisk og styrke sjølvforsyninga.
- Matsvinnet må reduserast.

Endring av kulepunkt på linje 347–348:

- Dyrka jord og anna verdifullt jordbruksareal må haldast i hevd og bevarast for matproduksjon. Jord der det kan dyrkast korn, belgvekstar, grønsaker, potet, frukt og bær, må prioriterast til dette.

Nytt kulepunkt etter linje 348:

- Reduksjon i kjøttforbruk må kombinerast med betydeleg auke av naturbeite, noko som er naudsynt for å ivareta og restaurere biologisk verdifulle naturbeitemarker.

Grunngiving frå forslagstillar:

Forslaget speglar vedtak gjort i landsstyret om klima- og naturvennlig jordbrukspolitikk.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke

Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig

Endringsforslag P23B	
Kapittel: 4.1 Primærnæringane Side: 9 Linjenummer: 331 og 356	Forslagsstillar: Generalsekretæren og landsstyret
<p>Endringsforslag:</p> <p><i>Nytt nest siste avsnitt inn på linje 331:</i></p> <p><u>Oppdrettsanlegg brukar store areal langs kysten og aukar presset på det marine miljøet. Næringa må ikkje forringe miljøet, men drivast på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstilfang andre stadar.</u></p> <p><i>Endre kulepunkt:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og sjukdomsspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstilfang andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og lokalitet. Landbaserte anlegg kan ikkje tillatast om dei medfører nedbygging av natur eller matjord. <p><i>Nytt punkt:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Torskoppdrett må ikkje skje på grunn av faren for gyting og påverknad på ville torskestammar.</u> 	
<p>Grunngiving frå generalsekretær:</p> <p>Det er ikkje konstruktivt å være imot all framtidig oppdrett i seg sjølv, korkje fagleg eller realistisk. Vi må forhalde oss til oppdrett i åra som kjem. Det er bra å påpeike at oppdrett «må skje» i lukka anlegg.</p> <p>Dagens punkt inneheld tekst som flyttast til innleiinga saman med deler av forslag P25. Eksisterende punkt forkortast tilsvarende.</p>	
<p>Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke</p> <p>Stemmegeving i landsstyret: 18 stemmer for innstillinga – 0 stemmer mot – 1 avhalden</p>	

Forslag P23	
Kapittel: 4.1 Primærnæringane Side: 9 Linjenummer: 356	Forslagsstillar: Naturvernforbundet på Sør-Helgeland
<p>Intensjonsforslag</p> <p><i>Eksisterande punkt:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og sjukdomsspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstilfang andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og lokalitet. Landbaserte anlegg kan ikkje tillatast om dei medfører nedbygging av natur eller matjord. 	

Endring:

Naturvernforbundet på Sør-Helgeland foreslår at en skriver om punktet ovenfor, slik at det står at en ønsker at åpne anlegg skal fases ut innen 1. januar 2030, for så å bli erstattet med lukkede anlegg som forurensar mindre eller minimalt. Vi ber om at landsmøteredaksjonen skriver et forslag ut ifra vårt ønske.

Grunngiving frå forslagstillar:

Norge er en sinke med å ta grep som vises når det gjelder å ta miljø på alvor i forbindelse oppdrettsnæringen. Åpne anlegg skulle ha vært faset ut for mange år siden.

Kommentar frå generalsekretær:

Datofesting høyrer ikkje heime i prinsippprogrammet. Sjå og forslag P23B.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P23B

Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig

Forslag P24

Kapittel: 4.1 Primærnæringane

Side: 9

Linjenummer: 356

Forslagsstillar:

Naturvernforbundet i Groruddalen

Endringsforslag:

~~Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og sjukdomsspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstilfang andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og lokalitet. Landbaserte anlegg kan ikkje tillatast om dei medfører nedbygging av natur eller matjord.~~

Oppdrett av fisk lar seg ikke gjennomføre på hverken en miljømessig, bærekraftig eller dyreetisk god måte. Videre utvikling av planer om oppdrettsanlegg, både lukkede og på land, må derfor skrinlegges og eksisterende anlegg må få tidsfrister for en gradvis utfasing.

Grunngiving frå forslagstillar:

Vi henviser til vårt forslag til uttalelse om oppdrettsnæringen.

Kommentar frå generalskeretær:

Det er mange utfordringar med oppdrett, men det er mogleg å tenke seg oppdrett innafor naturens tålegrenser (inkludert såkalla ekstensivt oppdrett der for eksempel karpe kan matast med matrester eller inngå i eit kretsløp for reinsking).

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig

Forslag P25

Kapittel: 4.1 Primærnæringane

Side: 9

Linjenummer: 356

Forslagsstillar:

Naturvernforbundet i Trøndelag

Endringsforslag:

Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og sjukdomsspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstillfang andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og lokalitet. Landbaserte anlegg kan ikkje tillatast om dei medfører nedbygging av natur eller matjord.

Oppdrettsanlegg tar i dag store areal langs kysten, og fører til stort press på marine miljø.

Ytterligere auke av oppdrettsanlegg bør ikkje tillatast. Oppdrett må vidare flyttast over skje i lukka anlegg, som i minst mogleg grad forringer miljøet i dei hav- og fjordområda der verksemda går føre seg, og som ikkje utgjør same risiko for villfisk. Oppdrettsverksemda må drivast med vesentleg redusert ureining og sjukdomsspreiing, og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstillfang andre stader. Landbaserte anlegg kan ikkje tillatast om dei medfører nedbygging av natur eller matjord. Torskeoppdrett utgjør ein uakseptabel risiko for villtorskstammen og bør ikkje tillatast.

Grunngiving frå forslagstillar:

Slik det står i dag, kan det gi inntrykk av at Naturvernforbundet er positive til oppdrett så lenge dette skjer i lukka anlegg. Det kan også fremstå som om lukkede anlegg er miljøvennlige, ut ifrå hvor de er plassert. All oppdrettsvirksomhet er arealkrevende og gir forurensning og risiko for sykdomsspredning i større eller mindre grad. Det har stor betydning både for den lokale og den helhetlige miljøbelastningen fra næringen i hvilket omfang og med hvilken intensitet denne næringen driver. Dette bør tydeliggjøres. Det bør tydeliggjøres at torskeoppdrett er uønsket. Oppdrett av torsk vil med all sannsynlighet påføre skade på dagens villtorskstamme, og kunnskapsgrunnlaget man har hittil, tilsier at oppdrettstorsken både gyter i merdene og rømmer fra anleggene. Vi kjenner ikke konsekvensene av å tillate oppdrett på torsk. Det er heller ikke grunn til å tro at disse problemene kan reguleres eller løses av næringen.

Kommentar frå generalsekretær:

Dagens tekst seier at det ikkje skal være forurensning og smittespreiing, mens det nye forslaget nøyer seg med å seie at det skal vere vesentleg redusert. Det er behov for å sjå på formuleringa om overgang til lukka oppdrett og torskeoppdrett. Sjå forslag P23B.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P23B

Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig

Forslag P26	
Kapittel: 4.1 Primærnæringane Side: 9 Linjenummer: 361	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Troms
Tilleggsforslag: <i>Nytt kulepunkt etter linje 360:</i> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Naturvernforbundet sier nei til torskoppdrett i åpne anlegg basert på foreliggende kunnskap om risiko.</u> 	
Grunngiving frå forslagstillar: All foreliggende kunnskap fraråder torskoppdrett i åpne merder grunnet risiko for kysttorsken.	
Kommentar frå generalsekretær: Sjå forslag P23B.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P23B Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig	

Forslag P27	
Kapittel: 4.2 Energi Side: 9 Linjenummer: 371	Forslagsstillar: Roald Østensjø Naturvernforbundet Haugaland
Tilleggsforslag: <i>Tillegg etter eksisterande tekst:</i> (...) slik at fossil energibruk blir redusert og erstatta av fornybar energi. <u>Produksjonen av det fysikken definerer som elektrisk straum, det ein i daglegtalen nemner som 'energivarer': startar med PÅ-knappen; minkar med DIMMING; opphøyrer med AV-knappen – sluttbrukaren er den styrande produsenten av elektrisk straum frå tilbydaren sin kraft. Sluttbrukarane kontrollerer alt som trekker elektrisk straum og er: individ; arbeidsplassar; tilretteleggjarane av det offentlege rom.</u>	
Grunngiving frå forlagstiller: Folk treng å veta skilnaden på kraft og straum samt veta skilnaden mellom tilbydar og produsent av elektrisk straum. Folkeopplysing om kven som trekker straumen, er på sin plass.	
Kommentar frå generalsekretær: Prinsippprogrammet skal vise Naturvernforbundet sin politikk og er ikkje arena for folkeopplysning. Forslaget blir for detaljert.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke	

Stemmegeving i landsstyret: 19 stemmer for innstillinga - 0 stemmer mot

Forslag P28B

Kapittel: 4.2 Energi

Side: 9

Linjenummer: 371

Forslagsstiller:

Generalsekretæren og landsstyret

Endringsforslag:

Endre heile dagens kapittel 4.2 til følgjande:

Noreg har eit svært høgt energiforbruk. For å nå klimamåla og naturmåla samstundes må vi gjere ei omlegging som reduserer det samla energiforbruket. All bruk av fossil energi må fasast ut og der det er naudsynt erstattast med fornybar energi. Vi må prioritere bruken av energi, forbruket må vere mest mogleg effektivt, og vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde.

Naturvernforbundet meiner at:

- Ramma for ny krafttilgang blir sett av moglegheitene innan frigjering av kraft frå andre sektorar, opprusting av eksisterande anlegg og sol- og vindkraft på allereie utbygde areal.
- Modernisering av bygg må gjerast med høg energistandard, slik at energibehovet i sektoren kan halverast fram mot 2050. Ein kombinasjon av reguleringar, informasjonstiltak, finansiering og tilskot må på plass for å utløyse potensialet.
- Vi må prioritere lokal energiproduksjon frå varmepumper, bergvarme, biogass og solenergi, saman med ein berekraftig bruk av bioenergi og utnytting av spillvarme.
- Industri og næringar som skal vere med oss etter 2050, må prioriterast med tilgang på kraft.
- Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum.
- Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut, ved at det ikkje blir opna for leiting og utvinning av olje og gass i nye område og med ein utfasingsplan som sikrar ei rettferdig omstilling til berekraftige næringar.
- Olje- og gassindustrien må sjølv finne løysingar på utsleppsutfordringane sine utan elektrifisering frå land.
- Grønt hydrogen, ammoniakk og e-fuel kan produserast i periodar med overskot, men gjev svært store energitap i omforming og vil berre kunne brukast i avgrensa omfang som klimatiltak.
- Karbonfangst og -lagring (CCS) tek oss ikkje til nullutslepp og er i tillegg svært energikrevjande. CCS kan brukast der reelle nullutsleppsalternativ ikkje finst.
- Alle nye bygg og infrastruktur må tilpassast eit nullutsleppssamfunn med redusert energibehov og utslepp frå anlegg og materialar. Transport må flyttast frå veg til sjø og bane. Det må ikkje byggjast nye motorvegar for 110 km/t, som aukar naturinngrep og energibehov.

- Alle produkt må tilpassast reparasjon, ombruk og resirkulering. Ein sirkulær økonomi gjev stor reduksjon i behovet for energi og materialar frå uttak av naturressursar til produksjon og forbruk av produkt.
- Noreg må ikkje leggje til rette for bygging av små eller store kjernekraftreaktorar med tilhøyrande transport og lagring av langliva radioaktivt materiale.
- Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg.
- Energieffektivitet må være førande for global energi- og klimapolitikk. Noregs bistand på energifeltet må innebere auka energieffektivitet, for å stanse veksten i det globale energibehovet, være eit avgjerande bidrag for utsleppskutt og legge til rette for ein overgang til fornybar energi. Samstundes må alle sikrast tilgang til naudsynt av rein energi til ein overkommeleg pris.

Grunngeving frå generalsekretær:

Mange endringsforslag er til detaljar og grunngevingar i dagens tekst, ikkje til sjølve prinsippa. Dette forslaget har forsøksvis reindyrka det prinsipielle. I tillegg er flere punkt tatt inn som er blitt meir aktuelle i det seinare, som prioritering av kraft, hydrogen, infrastruktur og sirkulær økonomi. Innleiinga legg vekt på behovet for omlegging og minska energibehov som overordna retning – framfor at dette var eget punkt.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke

Stemmegeving i landsstyret: 14 stemmer for innstillinga – 0 stemmer mot – 4 avhaldne

Forslag P28

Kapittel: 4.2 Energi

Side:

Linjenummer:

Forslagsstillar:

Naturvernforbundet i Nordland

Endringsforslag:

Endre heile dagens kapittel 4.2 til følgjande:

Menneskene trenger energi. Men all energi har potensielt negative konsekvenser for jordas biosfære, dvs. atmosfære, hav og land med biomangfold. 30 år med avtalefestet utfasing av fossil energi har ført til økt produksjon og forbruk av både fossil og ikke-fossil energi. FNs Ressurspanel advarer nå om at overforbruk av jordas ressurser er den viktigste årsaken til verdens natur- og klimakrise (Global Resources Outlook 2024). Naturvernforbundet mener derfor at rettferdig reduksjon av forbruket må være den overordnet viktigste strategien for å fase ut fossil energi og stanse ytterligere nedbygging av naturmangfoldet. **(Ny innledning i forhold til nåværende p.program)**

Naturvernforbundet mener at:

- Det samlede energiforbruket må reduseres og bli mest mulig effektivt. Energieffektivisering og -sparing i bygningsmassen må premieres gjennom tilstrekkelige statlige tilskudd og

tiltakene som velges må være kunnskapsbaserte. **(forkortet i forhold til nåværende p.program)**

- Elektrifisering av sokkelen er uakseptabel sløsing med begrensede kraftressurser uten effekt på globalt CO₂-utslipp og må stoppes. **(ny i forhold til nåværende p.program)**
- Datasentre for utvinning av kryptovaluta er også uakseptabel sløsing med kraft og må nedlegges. **(ny i forhold til nåværende p.program)**
- Norsk olje- og gassvirksomhet må trappes ned og gradvis fases ut innen 2040 ved at det ikke åpnes for leting og utvinning av olje og gass i nye områder og med en nedtrappingsplan som sikrer en rettferdig omstilling for oljearbeiderne. **(uendret i forhold til nåværende p.program)**
- Fossil energibruk i Norge må fases ut for gi vårt bidrag til 1,5-gradersmålet. Energieffektivisering, nedgang i transportbehovet, utbygging av kollektive tilbud som ikke går på bekostning av natur, restriksjoner på luftfart i og ut av Norge, utfasing av petroleumsvirksomheten og bevaring av natur er de viktigste tiltakene. Frigjøring av elektrisk kraft som allerede er i det norske kraftsystemet ved ENØK-tiltak i bygningsmassen og modernisering av eksisterende vannkraftverk er tiltak som ikke går ut over naturmangfoldet og vil gjøre utfasingen av fossil energi lettere. **(endret i forhold til nåværende p.program)**
- Naturvernforbundet sier nei til utbygging av ny vann- og vindkraft i Norge. Solkraft på bygninger er akseptabelt. **(ny i forhold til nåværende p.program)**
- Det er nødvendig med nasjonal kontroll over kraftutvekslingen med andre land for å hindre skadelig effektkjøring av regulerbar vannkraft og begrense krafttapet i overføringskablene. Denne kontrollen må sørge for forsyningssikkerheten og regulerte energipriser som sikrer norsk industri og næringsliv. **(forkortet og endret i forhold til nåværende p.program)**
- Atomkraft innebærer en stor fare for miljø og mennesker i forbindelse med produksjon og avfallshåndtering. Det må ikke bygges nye atomkraftverk i Norge. Det må sikres en forsvarlig mellomlagring av det norske atomavfallet mens det blir forberedt en permanent lagring i Norge. Norge må ta ansvar internasjonalt ved bl.a. ta del i forskning på atomkraft for å sikre menneske og natur mot atomforurensning. **(I hovudsak uendret i forhold til nåværende p.program bortsett frå tillegget om at Norge bør delta i forskningen på atomkraft)**
- Historisk ulik fordeling av energiressursene mellom nord og sør samt innad i både rike og fattige land er bakgrunnen for at de 10 % rikeste i verden står for tilnærmet 50 % av CO₂-utslippene, mens de 50 % fattigste samlet slipper ut bare 12 %. Forbruket i de rike landene må reduseres og det må til en omfordeling til fattige land og til de fattige innad i de rike landene slik at udekkede basale behov som mat, bolig og varme blir dekket. Internasjonal bistand må i større grad rettes inn på å nå de fattigste med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og begrenset utbygging og bruk av ikke-fossil energi. **(Moderat omarbeidet fra nåværende p.program)**

Grunngiving frå forslagstillar:

Bakgrunnen og begrunnelsen for forslaget vårt er å få et prinsippprogram der endringen som ble gjort på innledningspunktet 1.1. *Kva vi vil oppnå* under landsmøtet på Hamar i 2022, blir i samsvar med resten av prinsippprogrammet vårt og da særlig i samsvar med det viktige og sentrale kapittel 4.2 *Energi. Den viktige endringen som ble vedtatt under punkt 1.1 på Hamar var: «Evig materiell vekst er ikkje mogleg innafor ressursane på jorda. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode liv innafor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag og naturen sin toleevne, må det samla forbruket på jorda reduserast, og særleg må forbruket til dei rikaste reduserast kraftig.»*

Kommentar fra generalsekretær:

Forslaget inneber å endre innleiinga ved å ta ut:

- Krav til energibruken: at energien må være fornybar, klimavenleg, brukast effektivt, produserast og transporterast utan å skape forureining og uoppretteleg skade på naturmangfaldet, og at det skal brukast riktig energiform til bruksområdet.

- Omlegging av energibruken – frå fossil til fornybar

Inn kommer istaden:

- Sidestilling av all energibruk. «All energi har potensielt negative konsekvenser».

- Kritikk av avtalefesta utfasing av fossil energi. Denne «har ført til økt produksjon av både fossil og ikke-fossil energi».

Når fossil og fornybar energi blir sidestilt, fell grunngivinga for spesifikk utfasing av den fossile energien bort. All energi framstår som like skadeleg. Ein etterspørselsbasert strategi for å fase ut fossil er det samme som oljelobbyen står for: Oljeb Bruken skal fasast ut ved å redusere forbruket av olje og dermed etterspørselen, ikkje ved å stanse utvinning (tilbudet).

Til punktlista:

I 1. punkt er tiltak for effektivisering og sparing i det nye forslaget avgrensa til å gjelde bygningsmassen, og verkemidla er begrensa til statlege tilskot.

I 3. punkt det tatt ut at fornybar energi må føre til redusert forbruket av fossil energi, ikkje auke den samla energibruken og kravet til hensyn som må takast ved utbygging av ny fornybar energi. Inn som viktigste tiltak kjem utbygging av kollektive tilbud som ikkje går på bekostning av natur, restriksjonar på flytrafikk i og ut av Noreg og bevaring av natur. Ingen av disse tiltaka er spesielt viktige for å fase ut fossil energibruk i Norge, som punktet handlar om.

I 4. punkt er det som er tatt ut, i all hovudsak vurderingar av kva overføringsnett har av påverknad på naturen. Det som er tatt inn, er i stor grad vurderingar av kva overføringsnett kan bety for samfunnet.

I 6. punkt forsvinn den logiske samanhengen i avsnittet som først beskriv at ulik tilgang til, og ineffektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive fordelinga av velstand. Deretter kjem det forslag om tiltak retta inn mot dette: Desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk av fornybar energi.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P28B

Stemmegeving i landsstyret: 15 stemmer for innstillinga - 2 stemmer mot –2 avhaldne

Forslag P29 – FORESLÅTT TRUKKE AV FORSLAGSSTILLAR

Kapittel: 4.2 Energi

Side: 9

Linjenummer: 378

Forslagsstillar:

Naturvernforbundet i Trøndelag

Endringsforslag:

Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt. Energieffektivisering og - sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel. Det må stillast strenge krav til energibruk i bygningar og styring av energibruken. ~~Desse krava må strammast inn med jamne mellomrom, slik at bygg og anlegg i størst mogleg grad er sjølvforsynt med energi, med lågt energiforbruk og ressursfotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.~~

Grunngiving frå forslagstillar:

At bygg skal bli sjølvforsynt med energi, tyder ingen ting anna enn at det skal bli montert mengder av solceller på alle bygg. Det er eit faktum at sjølv om solkraftanlegget produserer like mykje som bygget treng, vil alle vere avhengig av tilknytning til nettet. Alternativet er å sette inn store mengder med batteri. For det første er det slik at solkraft ein klimafaktor e_{CO2} 42 g/kWt (faktaark IPCC) som meir enn det doble av norsk el-miks i nettet. Eit bygg blir altså ikkje meir klimanøytralt med eigen solkraft. For det andre er viktig å vere klar over at når det blir montert solstraum til eit bygg, er det berre den delen som blir overført (selt inn) til nettet, som blir registrert. Kanskje er dette berre cirka 20 prosent av det som solkraftanlegget produserer. All anna produksjon til eige forbruk blir ikkje registrert. Det kan då gå til meirforbruk eller til redusert kjøp. Redusert kjøp vil i offentleg statistikk framgå som sparing. Med andre ord: Det som framgår som sparing, er altså ikkje sparing. Sjølvforsyning av bygg i Noreg vil føre til at utslepp av klimagassar vil auke, og dei vil ikkje vere betalt tilbake innan levetida går ut.

Kommentar frå generalsekretær:

Dagens tekst seier at bygg skal ha lågt energiforbruk og ressursfotavtrykk i eit livsløpsperspektiv. Da kan det ikkje bli bygds ut solkraft dersom dette ikkje innfridd.

Forslaget er trukke frå forslagsstillar.

Innstilling frå landsstyret:

Stemmegeving i landsstyret:

Forslag P30	
Kapittel: 4.2 Energi Side: 9 Linjenummer: 393	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Trøndelag
<p>Endringsforslag:</p> <p>Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiressursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.</p> <p>Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. <u>Endra energiproduksjon med stor del av sol- og vindkraft som ikkje kan regulerast i høve til forbruk i dei landa vi har til knytning til, har ført til at norsk vasskraft i stor grad blir regulert i høve til prisen i land/område der det er stor kapasitet for overføring. Dette har negativ konsekvens naturen i vassdrag og har ført til endring av målet ved oppgradering og drift av vasskraft i Noreg. Overføringsnett både i Noreg og til andre land må bli vurdert i høve til tryggleik for forsyning, energitap og naturinngrep.</u></p>	
<p>Grunngiving frå forslagstillar:</p> <p>Teksten passar ikkje på dagens situasjon med overføringskablar. Tidlegare var hovudmønsteret slik at Noreg importerte eksporterte kraft på dagen og importerte kol- og atomkraft på natta. Dette hjelpte til at kol- og atomkraft kunne gå med meir stabil produksjon med det meir effektiv drift. Slik er det ikkje lenger, og drift av overføringsliner og -kablar blir dominert av varierende vindkraftproduksjon.</p> <p>Det er også uriktig slik det står i dagens punkt 4 at kraftutveksling med andre land bidrar til å redusere naturinngrep. Det er vidare motstrid mellom at kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane, og at det bør være et mål å utnytte energiressursane nær der dei oppstår.</p>	
<p>Kommentar frå generalsekretær:</p> <p>Forslaget omtalar ein situasjon, ikkje eit prinsipp, kanskje med unntak av siste setning. Det som er forslått strøke og endra, står ikkje lenger i landsstyret sitt heilhetlege forslag til nytt energikapittel. Sjå forslag P28B.</p>	
<p>Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P28B</p> <p>Stemmegeving i landsstyret: 10 stemmer for innstillinga - 7 stemmer mot – 3 avhaldne</p>	

Forslag P31	
Kapittel: 4.2 Energi Side: 10 Linjenummer: 399	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Rogaland
<p>Strykeforslag:</p> <p><i>Stryke kulepunkt:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering. Det må ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining. 	
<p>Grunngiving frå forslagstillar:</p> <p>Kjernekraft tilfredsstillar EUs krav til bærekraft og flere land satser på kjernekraft, deriblant våre naboland Sverige og Finland. Kjernekraft gir stabil og klimavennlig energi med minimale naturinngrep i forhold til energimengden som blir produsert og er den eneste energikilden som kan erstatte/reducere gass- og kullkraft både i forhold til mengde og stabilitet.</p> <p>Naturvernforbundet bør være teknologinøytral i forhold til klimavennlig energi (vind-, sol-, vann-, bølge-, kjernekraft) og ikke aktivt jobbe mot kjernekraft hverken i Norge eller utlandet. Videre skjer det stor teknologiutvikling innenfor dette området, og Naturvernforbundets prinsippprogram bør gjenspeile dette og ikke ha prinsipper fundert i gammel og utdatert teknologi.</p> <p>Staten ved norsk nukleær dekommisjonering (NND) har ansvar for mellomlagring og permanent lagring av avfallet fra forskningsreaktorene og sykehus med mer i Norge. Det er derfor ikke nødvendig å ha med denne delen av punktet heller, og hele punktet om atomkraft kan slettes.</p>	
<p>Kommentar frå generalsekretær:</p> <p>Det er komme inn fleire alternative forslag på dette temaet. Å stryke all tekst om atomkraft er neppe føremålstenleg. Se forslag P28B.</p>	
<p>Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke</p> <p>Stemmegiving i landsstyret: 13 stemmer for innstillinga - 2 stemmer mot – 1 avhalden</p>	

Forslag P32	
Kapittel: 4.2 Energi Side: 10 Linjenummer: 399	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Oslo og Akershus
Endringsforslag: <i>Endre eksterende kulepunkt:</i> <ul style="list-style-type: none"> • Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering. Det må ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining. • <u>Kjernekraft representerer betydelege miljøutfordringar knytta til strålingsrisiko og avfallshandtering. Det må foreligge ei løysning på disse forhold som avverger framtidig atomforurensing før løyve til kjernekraftverk kan tildelast. Kjernekraft må vurderast som eit alternativ til naturøydeleggjande sol- og vindkraftanlegg.</u> 	
Grunngiving frå forslagstillea: Hvis energisparing ikke dekker det behov for elkraft som norske myndigheter ser nødvendig å frembringe, så er det viktig å utrede om kjernekraft kan være et aktuelt alternativ med mindre skadelige konsekvenser for naturmiljøet.	
Kommentar frå generalsekretær: Sjå alternativ tekst i forslag P28B.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for P28B Stemmegiving i landsstyret: 16 stemmer for innstillinga - 3 stemmer mot – 1 avholdende	

Forslag P33	
Kapittel: 4.2 Energi Side: 10 Linjenummer: 399	Forslagsstiller: Bård Sælen Larsen (Naturvernforbundet Hordaland)
Endringsforslag: <i>Endre eksisterende kulepunkt:</i> <ul style="list-style-type: none"> • Atomkraft inneber ein stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering. Det må ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining. 	

- Dersom kjernekraft blir naudsynt for å oppnå full dekarbonisering i Noreg, må staten kunne garantere for at teknologi og utførelse holdast til høgaste sikkerhetsstandard, og at ei løysing for permanent lagring av avfall er påbegynt. Dagens eksisterande forskningsavfall skal sikrast forsvarleg inntil et slikt lager er ferdig. Noreg må også fortsette å utvikle sin høge kompetanse innan atomsikkerhet og å bidra til tryggleik internasjonalt.

Grunngjeving frå forslagstiller:

Første del av dagens formulering gir ingen mening uten noen form for kvantisering av miljøavtrykket. Man kan si det samme om alle andre energiformer, og Naturvernforbundet har intet faglig belegg for å påstå at kjernekraft har et større samlet negativt avtrykk en for eksempel sol- og vindkraft. Vannkraft har som kjent langt høyere dødstall, og fossilt er igjen i en helt annen liga. I tillegg er det svært viktig at vi er oppdatert: Sjansen for at kjernekraft blir et foretrukket alternativ blant beslutningstakere, vil fortsette å øke jo større andel av uregulerbar fornybar energi vi og våre naboland faser inn i økonomien. Vi må i så tilfelle være godt informert og forberedt for å kunne passe på at alle forholdsregler for miljø og sikkerhet blir fulgt til punkt og prikke.

Kommentar frå generalsekretær:

Sjå alternativ tekst i forslag P28B.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for P28B

Stemmegeving i landsstyret: 13 stemmer for innstillinga - 6 stemmer mot – 1 avholdende

Forslag P34	
Kapittel: 4.2 Energi Side: 9 Linjenummer: 407	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Indre Sogn
Tilleggsforslag: <i>Nytt kulepunkt under kapittel 4.2 Energi</i> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Storskala utbygging av energiinfrastruktur som følgje av transportbehovet for uregulerbar energiproduksjon bør unngåast. Naturvernforbundet skal fremme energieffektivisering og prioritere regulerbare energikjelder for å redusere belastninga på naturen og sikre stabil energiforsyning utan omfattande naturinngrep. I tillegg må alle energiutbyggingar vurderast ut frå ein heilskapleg nasjonal arealpolitikk, der klima- og naturutfordringar blir sett i samanheng.</u> 	
Grunniving frå forslagstillar: Naturvernforbundet bør vedta dette tilleggspunktet fordi det vil redusere omfattande naturinngrep ved å unngå storskala utbygging av energiinfrastruktur knytt til uregulerbar energiproduksjon. Ved å fremje energieffektivisering og prioritere regulerbare energikjelder sikrar ein stabil energiforsyning utan å belaste naturen unødvendig. Ein heilskapleg nasjonal arealpolitikk som ser klima- og naturutfordringar i samanheng, gir betre miljømessige beslutningar. Dette viser ansvarleg leiarskap i energiomstillinga og styrkar forbundet sin posisjon som forkjempar for berekraftig energipolitikk. Å vedta tilleggspunktet er avgjerande for å balansere energibehovet med vern av natur og klima.	
Kommentar frå generalsekretær: Delar av forslaget er omfatta av eksisterande prinsippprogram. Å prioritere utbygging av regulerbar kraft kan også gi store miljøutfordringer.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke Stemmegeving i landsstyret: 14 stemmer for innstillinga - 2 stemmer mot – 3 avholdende	

Forslag P35	
Kapittel: 4.2 Energi Side: 9 Linjenummer 407	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Indre Sogn
Tilleggsforslag: <i>Nytt kulepunkt:</i> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Naturvernforbundet vil følgje utviklinga av hydrogen som energiberar tett, og arbeide for at all produksjon av hydrogen skjer på ein måte som ikkje medfører alvorleg naturtap eller auka klimagassutslepp.</u> 	
Grunniving fra forslagstillar:	

<p>Kommentar frå generalsekretær:</p> <p>Deler av formuleringa høyrer heime i arbeidsprogrammet. Prinsippprogrammet omhandlar fra før prinsipp som også må gjelde for hydrogen.</p>
<p>Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke</p> <p>Stemmegeving i landsstyret: Einstemmig</p>

Forslag P36	
<p>Kapittel: 4.4 Industri</p> <p>Side: 11</p> <p>Linjenummer: 471–472</p>	<p>Forslagsstiller: Landsstyret</p>
<p>Tilleggsforslag:</p> <ul style="list-style-type: none"> Fangst og lagring av CO₂ frå punktutslipp må takast i bruk for å redusere klimaforureining frå <u>den delen av industrien som vi skal ta med oss inn i lavutslippssamfunnet.</u> 	
<p>Grunngiving frå forslagstillar:</p> <p>Å investere stort i utslppsreducerande tiltak i form av til dømes fangst og lagring av CO₂ på aktivitetar som må reduserast kraftig (til dømes tradisjonell forbrenning av avfall) eller fasasts ut (som petroleumssektoren), er ikkje lurt, da det kan forlenge levetida til aktiviteten.</p> <p>Prinsippprogrammet vårt seier at «norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut innan 2040». Og så vedtok LAS på møte 06/21 at Naturvernforbundet går imot produksjon av hydrogen gjennom bruk av naturgass med fangst og lagring av CO₂.</p> <p>Klimautvalget 2050 er for øvrig tydeleg på at utslppstiltak i dag må stå seg i eit langsiktig perspektiv.</p>	
<p>Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke</p> <p>Stemmegeving i landsstyret: 18 stemmer for innstillinga – 2 stemmer mot</p>	

Forslag P37	
<p>Kapittel: 4.5 Forbruk, avfall og handel</p> <p>Side: 12</p> <p>Linjenummer: 493</p>	<p>Forslagsstiller:</p> <p>Naturvernforbundet i Trøndelag</p>
<p>Tilleggsforslag:</p> <ul style="list-style-type: none"> For å redusere forbruk og avfallsmengde må produkt vere produsert for å vare lengst mogleg, vere lette å reparere og brukast om att og enkle å resirkulere. Alt avfall skal i utgangspunktet bli resirkulert eller gjenvunne. <u>Eingongsbruk og emballasje må reduserast vesentleg.</u> 	
<p>Begrunnelse fra forslagstillar:</p>	

Reduksjon av eingongsmateriell er et viktig tiltak for å redusere forbruk og slik redusere avfall. Det bør nemnst eksplisitt.

Kommentar fra generalsekretær:

Avfallsreduksjon er et hovedpunkt. Emballasjer er ikke spesifikt nevnt.

Innstilling fra landsstyret: Forslaget bør bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: 17 stemmer for innstillinga – 1 stemme mot

1
2
3
4
5
6
7
8
9
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26



Naturvernforbundet

PRINSIPPROGRAM

*Vedteke på landsmøtet i Stavanger 21. april 2018.
Sist endra i landsmøtet på Hamar 23. april 2022.*

*Prinsippprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn,
korleis organisasjonen arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske
krav.*



27 Innhald

28	1 Kva vi vil oppnå.....	2
29	2 Korleis vi arbeider.....	3
30	3 Prinsipp.....	4
31	3.1 Vern om naturmangfaldet.....	5
32	3.2 Stopp dei farlege klimaendringane	6
33	3.3 Berekraftig ressursbruk	7
34	4 Miljøvern i praksis	8
35	4.1 Primærnæringane	8
36	4.2 Energi.....	9
37	4.3 Transport	10
38	4.4 Industri	11
39	4.6 Krig og fred	12

40
41

42 1 Kva vi vil oppnå

43

44 Naturvernforbundet arbeider for eit samfunn som er godt å leve i for alle, og som kan bestå over tid.
45 I eit slikt samfunn blir naturen forvalta på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø, og all menneskeleg
46 aktivitet skjer i balanse med naturen og miljøet.

47

48 Livsformene i naturen er verdifulle i seg sjølv, samtidig som menneska er avhengige av dei. Å ta vare
49 på rikdommen av livsformer og økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i
50 naturen. Vi menneske kan ikkje halde fram med å utrydde artar på jorda eller øydelegge det
51 livsmiljøet artane treng for å leve.

52

53 Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen og har ansvaret for å sikre ei
54 økologisk, sosial og økonomisk utvikling som tar omsyn til både nolevande og framtidige
55 generasjonar sine behov. Det betyr at:

56

- Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.
- Fornybare ressursar må takast ut på ein slik måte at ressursane kan fornye seg.
- Ressursar som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med stor varsemd.
- Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupt i naturen kan bryte ned innanfor naturen si bereevne.

60

61
62 Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere
63 med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar er ikkje
64 nok for å oppnå dette. Evig materiell vekst er ikkje mogleg innanfor ressursane på jorda. For at alle
65 menneske skal ha høve til å leve gode liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag og naturen
66 sin toleevne, må det samla forbruket på jorda reduserast, og særleg må forbruket til dei rikaste
67 reduserast kraftig.

68

69 Å løyse globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram med
70 både lokal og nasjonal innsats. I ei globalisert verd krevst også globalt samarbeid og internasjonale
71 avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og ansvar for å vere eit føregangsland
72 i miljøvernarbeidet. Noreg må følgje opp sine internasjonale pliktar og ta ei rolle som førebilete for å
73 bidra til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.

74

75

76 **2 Korleis vi arbeider**

77

78 ***Demokratisk, landsdekkande og uavhengig***

79 Naturvernforbundet er ein demokratisk, partipolitisk nøytral medlemsorganisasjon. For å stå imot og
80 reversere den akselererande øydelegginga av miljøet treng vi at breie lag av folket blir engasjert.
81 Folkeleg engasjement gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur
82 og miljøgode og avgjerande for Naturvernforbundet sin styrke. Medlemmane avgjer, gjennom sine
83 tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med. Synspunkta blir utforma uavhengig av
84 økonomiske interesser, staten og andre organisasjonar. Naturvernforbundet skal jobbe for å få fleire
85 aktive lokallag over heile landet, samtidig som aktiviteten i eksisterande lokal- og fylkeslag sikrast og
86 fornyast. Det lokale nærværet og dei tillitsvalde gjev Naturvernforbundet legitimitet og demokratisk
87 gjennomslagskraft. Organisasjonen skal søkje å reflektere eit mangfald av folket og arbeide for god
88 representasjon i kjønn, geografi, sosial bakgrunn og minoritetsbakgrunn blant både medlemmar,
89 aktive og tillitsvalde. Miljøagentane og Natur og Ungdom skal vere barne- og
90 ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet. Gjennom å oppretthalde og aktivt byggje nye
91 samarbeid og alliansar med andre organisasjonar og initiativ skal Naturvernforbundet auke si
92 gjennomslagskraft og oppslutnad og bidra til ein effektiv og rettferdig miljøpolitikk.

93

94 I rørsla vår skal vi handsame kvarandre med respekt. Trakasserande haldningar og framferd høyrer
95 ikkje heime her. Ungdomen og engasjementet deira skal vi særleg hegne om. Me aksepterer ikkje
96 ytterleggåande og ekstreme krefter som ein del av miljørørsla. Samarbeid med parti og grupperingar
97 som fremjar rasistiske og høgreekstreme haldningar, bryt med verdiane våre.

98

99 ***Kunnskapsbasert opinionsdanning***

100 Naturvernforbundet treng tillit og oppslutnad for å få gjennomslag. Argumenta skal vere godt
101 oppbygde, forstålege og fagleg solide. Frivillige organisasjonar har gjennom folkeopplysning spelt ei
102 viktig rolle for demokratiseringa av Noreg. Naturvernforbundet vil føre dette arbeidet vidare
103 gjennom opinionsdannande verksemd, slik at ein lettare kan innrette seg miljøvenleg, påverke andre
104 og få folkevalde organ til å ta omsyn til naturen.

105

106 ***Saksorientert arbeid med konkrete resultat***

107 Det er gjennom arbeid med mange konkrete saker over heile landet, og med stor breidde, at
108 Naturvernforbundet er med og bergar store naturverdiar og endrar haldningane hos folk flest. Ved
109 hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil Naturvernforbundet også vise kva utfordringar vi står overfor
110 i det globale miljøarbeidet.

111

112 ***Naturglede, naturkunnskap og naturbruk***

113 Ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet er å arbeide for å styrke folk sin kontakt med
114 naturen. Vi ynskjer at alle skal få glede seg over naturen i nærområdet sitt, vere stolte over denne og
115 ynskje å ta vare på naturen både lokalt og globalt. Vi vil ta vare på det enkle og nære friluftslivet og

116 arbeider for å styrke kunnskapen om naturen på alle plan. Vi ynskjer å styrke kunnskapen om korleis
117 vi kan nytte naturen, og vil arbeide for å ta vare på og føre vidare tradisjonell naturbruk så langt det
118 kan gjerast på økologisk forsvarleg vis.

119

120 **Internasjonalt samarbeid**

121 Brei folkeleg deltaking er avgjerande for å løyse internasjonale miljøproblem, og sterke nasjonale
122 miljøorganisasjonar er viktige for å ta vare på miljøinteressene.

123

124 Naturvernforbundet skal samarbeide med miljøørslar i andre land. Samarbeidslanda har ofte store
125 miljøutfordringar og også store utfordringar når det gjeld deltaking frå sivilt samfunn.

126 Naturvernforbundet er den norske medlemmen av Friends of the Earth International.

127

128 Medlemskap i Regnskogsfondet er òg ein viktig del av vårt internasjonale engasjement. Det
129 internasjonale arbeidet skal bidra til å styrke lokale miljøvernorganisasjonar i dei landa vi engasjerer
130 oss i. Samstundes bidreg dette arbeidet til å styrke Naturvernforbundet sitt arbeid både i Noreg og i
131 arbeidet med internasjonale miljøavtalar.

132

133

134 **3 Prinsipp**

135

136 At folk skal kunne bidra til å drive fram løysingar på miljøproblema, krev eit samfunn der folk har
137 høve til å påverke sin eigen situasjon, har tilgang til kunnskap om kva som påverkar miljøet, og kan
138 delta aktivt i politisk arbeid. Myndigheitene har ansvar for å følgje opp, kontrollere og innføre
139 sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og miljølovgevinga. Både myndigheitene,
140 næringsliv og folket har eit ansvar for å setje seg inn i og følgje felles reglar.

141

142 Naturvernforbundet meiner følgjande prinsipp må ligge til grunn for all samfunnsplanlegging:

- 143 • Kunnskap: Alle private og offentlege aktørar må ha plikt til å setje seg inn i korleis verksemda
144 deira påverkar naturen. Alle handlingar må byggje på oppdatert vitenskapleg og
145 erfaringsbasert kunnskap, der miljøkonsekvensane av handlinga blir vurdert i eit
146 livsløypesperspektiv. Alle skal ha krav på informasjon om miljøkonsekvensar når det gjeld
147 både enkeltprodukt og forbruksvarer, produksjon og politiske planar og vedtak.
- 148 • Føre-var-prinsippet: Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege
149 verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at tiltaket
150 ikkje blir gjennomført.
- 151 • Samla påkjenning: Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for, skal
152 vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker.
- 153 • Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal dekke
154 kostnadene ved tiltak som hindrar, avgrensar eller rettar opp skadane.
- 155 • Tenke globalt – handle lokalt: Det den einskilde gjer her i landet, må stå i høve til globale
156 natur- og miljøinteresser og såleis kunne bidra til utvikling som kan kome alle verdas
157 menneske og artar til gode – i dag og i framtida.

158

159 Grenseoverskridande miljøproblem krev internasjonalt samarbeid og avtalar som blir oppfatta som
160 rettferdige og rimelege av alle partar. Verdast fattigaste lir i dag under miljøproblem som i stor grad
161 er skapt av rike land og av overforbruket til privilegerte grupper. Internasjonale avtalar må fremje
162 rettferdig fordeling av verdas ressursar og styrke tilgangen til demokratisk påverknad. For å oppnå

163 dette må FN styrkast. Omsyn til miljø og rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om
164 økonomisk vekst og auka frihandel.

165
166 Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar, slik dei er felt ned i internasjonale
167 avtalar som Noreg er tilslutta. Desse rettane må ligge til grunn for miljøpolitikken i både Noreg og
168 andre land. Naturvernforbundet meiner at Noreg skal ta særskilt ansvar for å ta vare på
169 naturgrunnlaget for samisk kultur.

170
171 Noreg må vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale miljømål og -avtalar, og omsynet til
172 natur og miljø må ligge til grunn i alt utviklingsarbeid. Samarbeid med og støtte til det sivile
173 samfunnet, inklusive miljørørsla, må vere ei viktig prioritering i Noreg sin internasjonale innsats.
174 Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvenleg utvikling. Miljømessige og sosiale
175 krav som gjeld for norske fleirnasjonale verksemder, må òg gjelde for aktiviteten deira i utlandet når
176 det norske regelverket er strengare.

177

178 **3.1 Vern om naturmangfaldet**

179 Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda. Ikkje berre er menneske og dyr avhengige av naturen og
180 tenestene den yter. Naturen har også verdi i seg sjølv. Vi må derfor sikre den uerstattelege rikdomen
181 av plantar, dyr og andre organismar – på land og til havs – for notid og framtid.

182
183 Ifølgje FNs naturpanel er ein av åtte millionar dyre- og planteartar truga av utrydding, og endring i
184 arealbruk er den viktigaste årsaka til det globale tapet av naturmangfald på land fram til i dag, medan
185 overutnytting av ressursar er viktigast for tapet i havet. I tillegg kjem ein stadig større påverknad frå
186 menneskeskapte klimaendringar samt påverknad frå forureining og invaderande artar. Den samla
187 verknaden er eit sær sars alvorleg trugsmål mot naturmangfaldet på jorda.

188
189 Tapet av naturmangfald må stansast. Sunn økologisk tilstand må vere forvaltingsprinsippet for all
190 natur, også den delen av naturen som gjennom historia har blitt påverka av menneskeleg aktivitet.
191 Dette inneber å ta vare på artane, med deira genetiske variasjon og dei leveområda som
192 organismane treng for å trivast og fyller sine økologiske funksjonar. Dette krev både vern av utvalde
193 areal samt ei langsiktig forvaltning av naturverdiar som ikkje er verna ved lov. Det er uakseptabelt å
194 oppheve eller endre vern av naturområde, slik at naturomsyn må vike for andre, meir kortsiktige
195 samfunnsinteresser. Ein må også hindre innføring og spreiding av ikkje stadeigne artar og
196 genmodifiserte organismar som kan vere eit trugsmål mot lokale plante- og dyreartar. Det må ikkje
197 gjevast subsidiar som bidreg til øydelegging av verdifull natur. Omsynet til naturmangfaldet må
198 sikrast og takast vare på i all arealplanlegging, og krava til konsekvensutgreiingar må stille minstekrav
199 som sikrar dette.

200
201 Naturen må vere grundig kartlagt, og kunnskapen må oppdaterast kontinuerleg for å mogleggjere ei
202 kunnskapsbasert forvaltning. Denne kunnskapen må omfatte naturen sine system og samspelet
203 mellom desse samt samspelet mellom naturen sine system og menneska. Der kunnskap ikkje er
204 tilstrekkeleg, må føre-var-prinsippet ligge til grunn. Inngrep kan aldri forsvarast med mangel på
205 kunnskap.

206
207 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 208 • Det må etablerast økologisk representative nettverk av område som har vernestatus eller
209 anna utvald status, for å sikre den økologiske samanhengen over større område. Dette

- 210 inneber mellom anna vesentleg vern av skog, våtmarker og marine område samt vidare
211 utvikling av arbeidet med utvalde naturtypar. Områda må forvaltast aktivt, slik at
212 naturmangfaldet blir teke vare på og sikra mot inngrep som kan gjere skade på naturen i
213 området.
- 214 • Menneskelege inngrep og utbygging har ført til sterk reduksjon i inngrepsfrie område i
215 Noreg. Denne utviklinga må stoppast. Dei områda som er att, må bevarast og kartleggast for
216 verneverdige naturverdiar.
 - 217 • Det trengs omfattande tiltak for å sikre den unike vassdragsnaturen mot fleire inngrep.
218 Verneplanen må utvidast og verna vassdrag må få sterkare vern. God økologisk tilstand må
219 vere eit mål for alle vassdrag.
 - 220 • Naturødeleggande vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i
221 industrialiserte område. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot
222 forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut.
223 Havvind vil auke presset på havet, som allereie er påverka av næringsverksemd, forureining
224 og klimaendringar. Naturvernforbundet krev særleg varsemd og meiner at ei sterk føre-var-
225 haldning må rå.
 - 226 • Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig køyring må
227 ikkje tillatast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og moglegheita for gode
228 naturopplevingar for folk flest.
 - 229 • Lokale naturperler og naturområde i folk sine nærmiljø må takast vare på. Omsyn til desse
230 områda si betydning for livskvalitet og helse, både i dag og i framtida, må vektleggast tungt.
231 Bymarker bør vere verna med lov og ha faste byggegrenser.
 - 232 • Rovdyra høyrer heime i norsk natur, og å verne om desse og areal som sikrar deira overleving
233 også på sikt, er ein del av det å ta vare på naturmangfaldet og økosystema. Myndighetene
234 må sikre førebyggjande innsats for å redusere tap av beitedyr og for å redusere påkjenninga
235 for råka næringar og lokalsamfunn.
 - 236 • Som ein stor hav-, fjord- og kystnasjon må Noreg vise omsyn til naturmangfaldet i reguleringa
237 av landets marine næringar. Naturmangfaldlova må gjelde alle norske havområde.
 - 238 • Norske kommunar må innføre naturbudsjett som legg til grunn nasjonale grenser for
239 naturtap og mål for restaurering, for å oppnå netto null tap av natur.

240

241 **3.2 Stopp dei farlege klimaendringane**

242 Forbruk av fossilt brensel, avskoging og anna menneskeleg påverknad har ført til endringar i klimaet
243 på jorda. Klimaendringane har alvorlege konsekvensar både for oss menneske og for resten av
244 naturen. Livsgrunnlaget for mange menneske, og særleg for verdas fattigaste, blir øydelagt, og store
245 delar av naturmangfaldet står i fare for å forsvinne.

246

247 For at vi skal unngå dei mest alvorlege konsekvensane av klimaendringane, kan ikkje den globale
248 temperaturen stige meir enn 1,5 gradar over førindustrielt nivå. Det betyr i praksis at alle
249 klimagassutslepp frå fossil energi og avskoging må stansast så raskt som mogleg.

250

251 Alle land må omstillast til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi. Raseringa av
252 naturlege karbonlager som skog og myr må stansast, og det som er øydelagt, må byggast opp att så
253 langt som råd. Ettersom det er dei rike landa som har det historiske ansvaret for klimakrisa, må dei
254 derfor finansiere hovuddelen av omstillinga også i fattige land. Ei rettferdig omstilling inneber at ein
255 må ta omsyn til og sikre rettane også til dei

256 menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større samfunnsendringar. Ei
257 rettferdig omstilling vil krevje høge karbonavgifter med ein synleg og sosialt rettferdig fordeling for å
258 gje heilt nødvendig folkeleg støtte til klimapolitikk.

259
260 Omstillinga til det klimavennlege samfunnet må skje på naturen sine premiss. Dette inneber at vi
261 bruker naturen sine eigne mekanismar til å lagre karbon, redusere klimagassutslepp og tilpasse oss
262 klimaendringar. Intakt og robust natur verkar i seg sjølv som buffer og vern mot klimaendringar og er
263 dermed avgjerande for samfunnet sitt møte med eit endra klima.

264

265 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 266 • Noreg må fase ut eigne utslepp av klimagassar i tråd med sitt historiske ansvar. Som
267 oppfølging av Paris-avtalen må Noreg kvart femte år melde inn stadig strammare mål for å
268 redusere eigne klimagassutslepp, i tillegg til å finansiere klimatiltak i fattige land.
- 269 • Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all sektorpolitikk, slik at
270 alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar varige reduksjonar i
271 klimagassutsleppa. Når utstyr og arbeidskraft blir importert frå andre land, må det bli teke
272 omsyn til ressursbruk og utslepp av klimagassar.
- 273 • Arbeidet for å tilpasse samfunnet til uunngåelege klimaendringar må styrkast. Naturen må
274 forvaltast slik at økosystema blir mest mogleg robuste og i størst mogleg grad evnar å
275 tilpasse seg eit klima i endring.
- 276 • Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp og sikre
277 klimatilpassing i fattige land. Internasjonal kvotehandling og andre internasjonale tiltak må
278 sikre reelle utsleppsreduksjonar og samstundes ivareta menneske og natur, og må kome i tillegg til
279 nasjonale utsleppsreduksjonar.
- 280 • CO₂-avgifta må auke føreseieleg, jamt og trutt til ein ikkje lenger har utslepp frå fossil energi.
281 Auken i avgifta må delast ut att til folket på ein sosialt rettferdig måte, slik at dei som har lågt
282 karbonavtrykk går i pluss, medan dei som brukar mykje berre får kompensert ein mindre del
283 av forbruket sitt.

284

285 **3.3 Berekraftig ressursbruk**

286 Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna, som er grunnlaget for livet på jorda, og sikre denne
287 også for framtidige generasjonar. Dette inneber at vi må vere varsame når ressursar blir henta ut av
288 naturen, og at desse ressursane må gå inn i eit krinslaup og brukast om att, slik at vi held uttaket frå
289 naturen og avfallsstoffa vi etterlet oss, så lågt som råd.

290

291 Utslepp til luft, jord eller vatn som ikkje naturen klarer å bryte ned – eller som kan verke skadeleg for
292 menneske, dyr eller plantar – må hindrast. Plastsjøppel i naturen er eit stort problem. Miljøgifter og
293 plast må erstattast av stoff som ikkje gjer skade på naturen. Der slike stoff allereie er sleppt ut i
294 naturen, må det ryddast opp av omsyn til naturmangfaldet, menneske si helse og naturen si evne til å
295 gje rein luft, mat og vatn.

296

297 Bruk av land og hav til produksjon av mat, fiber, energi og andre varer må innrettast slik at folk får
298 dekka dei grunnleggande behova sine utan å øydelegge grunnlaget for å forsyne framtidige
299 generasjonar. Når vi forbruker varer produsert utanfor landet, må vi vurdere heile produksjonskjeda,
300 slik at den samla miljøpåverknaden blir teken med i rekneskapen.

301

302

303 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 304 • Bruk av miljøgifter må vere strengt regulert når det gjeld både innanlandsk bruk og import av
305 varer som inneheld eller er produsert ved hjelp av giftige stoff. Skadeverknader av tidlegare
306 utslepp av miljøgifter må kartleggast og minimerast.
- 307 • Prisen på bruk av ressursar må reflektere dei reelle kostnadane ressursuttaket har for miljø
308 og menneske. Dette kan bli oppnådd gjennom avgifter som sikrar at miljøpåverkar betaler,
309 eller gjennom reguleringar som legg avgrensingar på ressursbruken.
- 310 • Bruken av plast må reduserast. Miljøvenlege alternativ må takast i bruk, og det må ryddast
311 opp i plastforureininga til havs og til lands.
- 312
- 313
- 314

315 **4 Miljøvern i praksis**

316

317 **4.1 Primærnæringane**

318 Matproduksjonen, både på land og til havs, må skje på ein måte som gjer at vi klarar å dekke
319 menneska sine næringsmessige og kulturelle behov, bevarer naturmangfaldet og ikkje svekker verda
320 sine framtidige moglegheiter for å produsere mat. Det krev at menneska baserer kosthaldet sitt på
321 matvarer med lågt energi- og ressursforbruk, og at haustinga av ressursar skjer på ein skånsam måte
322 for naturen. Omsynet til at menneske verda over skal ha nok mat, må ligge til grunn for kor og korleis
323 vi produserer mat, og korleis ressursane blir fordelt. At det skal vere nok mat også for framtidige
324 generasjonar, må ligge til grunn for i kva omfang og korleis vi hentar ut matressursar, enten det er på
325 land eller frå havet. Bruken av skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, reindrift, fiske og oppdrett må
326 avviklast så snart som råd.

327

328 Det er viktig å oppretthalde og styrke matproduksjonen i heile landet. Dette må til for å sikre mat til
329 eiga befolkning og minske transportbehovet og for å ivareta busetnad, utmark og kulturlandskap
330 med det tilhøyrande naturmangfaldet.

331

332 Når vi hentar materiale frå norske skogar, må omsynet til naturmangfaldet og anna framtidig nytte av
333 skogressursane ligge til grunn for mengda ressursar som blir henta ut, og måten det blir gjort på.

334

335 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 336 • Patent på levande organismar eller naturleg førekomande biologisk materiale må ikkje
337 tillatast.
- 338 • Genmaterialet i levande organismar er ikkje eigedomen til nokon og må ikkje endrast på.
339 Primærnæringane må ikkje nytte veksthormon eller genmodifiserte dyr eller plantar.
- 340 • Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og gjennom
341 importrestriksjonar.
- 342 • Fiskeoppdrett og kjøttproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fôr som kan gå til
343 menneskemat, eller som har negative fylgjer for miljøet eller for global fordeling av
344 naturressursar.
- 345 • Norsk landbruk må basere seg på lokale og miljøvenlege ressursar, og bruken av energi,
346 plantevernmidlar og kunstgjødsel og importert kraftfôr må vere så låg som mogleg.
- 347 • Dyrka jord og anna verdifullt jordbruksareal må haldast i hevd og bevarast for
348 matproduksjon.

- 349
- 350
- 351
- 352
- 353
- 354
- 355
- 356
- 357
- 358
- 359
- 360
- 361
- 362
- 363
- 364
- 365
- 366
- 367
- 368
- 369
- Torvmyrer er viktige for naturmangfaldet og inneheld mykje karbon. Nydyrking av myr må ikkje vere lov, og torv må ikkje brukast i jordprodukt.
 - Fiskeressursane er viktige for matforsyninga i verda og må forvaltast slik at dei varer evig. Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og alle ledd i næringskjedene.
 - Havet, kystområda og fiskeressursane må vere underlagt nasjonal og internasjonal kontroll, og det må sikrast at fisken er eigd og forvalta av fellesskapet. Særleg må fiskeressursane kome kystsamfunna til gode, og urfolksrettar må ivaretakast.
 - Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og sjukdomsspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstillfang andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og lokalitet. Landbaserte anlegg kan ikkje tillatast om dei medfører nedbygging av natur eller matjord.
 - Skognæringa må operere innanfor rammer som sikrar naturmangfald, friluftsliv og karbonbinding. Skogbruket må i større grad drivast basert på utvalshogst. Hogst må berre skje etter søknad og etter kartlegging av natur- og friluftsverdiar. Gjødsling av skog og omarbeiding av mark bør ikkje tillatast.
 - Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale, og avfallsressursar kan gå til andre føremål som gjev høg utnytting av ressursane, som lokal varmeproduksjon og ulike industriføremål.

370 4.2 Energi

371 Menneska treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og produserast og
372 transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Vi må nytte rett
373 energiform til ulike bruksområde, og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det inneber også at vi
374 må gjere ei omlegging av energibruken, slik at fossil energibruk blir redusert og erstatta av fornybar
375 energi.

376

377 Naturvernforbundet meiner at:

- 378
- 379
- 380
- 381
- 382
- 383
- 384
- 385
- 386
- 387
- 388
- 389
- 390
- 391
- 392
- 393
- 394
- 395
- Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt. Energieffektivisering og -sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel. Det må stillast strenge krav til energibruk i bygningar. Desse krava må strammast inn med jamne mellomrom, slik at bygg og anlegg i størst mogleg grad er sjølvforsynt med energi, med lågt energiforbruk og ressursfotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.
 - Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut innan 2040, ved at det ikkje opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område og med ein nedtrappingsplan som sikrar ei rettferdig omstilling for oljearbeidarane.
 - Fossil energibruk i Noreg må fasast ut for å nå 1,5-gradersmålet. Energieffektivisering, nedgang i transportbehovet og ei utfasing av petroleumverksemda er dei viktigaste tiltaka. Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi, ikkje auke den samla energibruken. Ved all utbygging av fornybar energi må klimagassutsleppa og ressursbruken vurderast i eit livsløpsperspektiv for produksjonen, og det må takast særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse, landskap og tradisjonelle naturbaserte næringar og samisk kultur og næringsutøving.
 - Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande

- 396 naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gje
397 betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiresursane nær der dei
398 oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.
- 399 • Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og
400 avfallshandtering. Det må ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei
401 forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent
402 lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot
403 atomforureining.
 - 404 • Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive måten
405 velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast inn mot å nå dei
406 fattigaste, med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk av fornybar energi.
407

408 **4.3 Transport**

409 All transport påverkar miljøet ved at det krev forbruk av energi, legg beslag på areal og fører til
410 uynskte konsekvensar i form av forureining, støy og ulykkesrisiko. Store infrastrukturprosjekt, og
411 særleg vegutbyggingar, legg til rette for auka trafikk og gjev store negative konsekvensar for natur,
412 friluftsområde og matjord. Dette gjer at vi må ta i bruk fleire verkemiddel, slik at transportbehovet
413 blir redusert og den naudsynte transporten blir gjort med låg miljøpåverknad.

414
415 Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande for å ikkje
416 auke behovet for transport generelt og spesielt for å unngå å leggje til rette for meir privatbilisme.
417 Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle alternativ til bilkøyring og
418 flytransport. Samstundes må miljøvennlige teknologiar prioriterast og leggast til rette for, slik at den
419 transporten samfunnet treng, skjer med så låg miljøpåverknad som mogleg.

420 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 421 • Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg transportbehov,
422 på ein måte som tar vare på grønne lungar, samstundes som det blir lagt til rette for syklende
423 og gåande. Også i den overordna samfunnsplanlegginga, anten det gjeld transport av varer
424 eller plassering av viktige samfunnsfunksjonar, må målet vere å redusere transportbehovet.
- 425 • Kollektivtilbodet må vere godt, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar og for
426 lengre reiser. Dette inneber både korte reisetider, tilstrekkeleg mange avgangar og stor
427 kapasitet. Jernbanen må vere utbygd for å ta unna langt større delar av transporten som i
428 dag går med privatbil, fly og lastebil. Ekspressbuss er eit viktig supplement der det ikkje går
429 tog. Sjøfrakt må vere eit miljøvenleg og attraktivt alternativ til lastebil.
- 430 • Vegkapasiteten må ikkje utvidast, og vegutbyggingar som gjev meir trafikk og store
431 arealinngrep, må ikkje realiserast. Trafikktryggingstiltak må gjennomførast utan at dette
432 aukar den samla kapasiteten på vegen eller styrkar vegtransporten si konkurransekraft.
433 Miljøutfordringane frå flytrafikken tilseier òg at flyplasskapasiteten ikkje kan aukast, og
434 trafikken må reduserast kraftig.
- 435 • Noreg bør, nasjonalt og internasjonalt, støtte utvikling av ein mest mogleg miljøvenleg
436 transportsektor, med auka energieffektivitet, redusert ressursforbruk og redusert
437 miljøpåverknad. Dette inneber både at forskning på betre teknologiar for private og kollektive
438 løysingar må støttast, og at ein må motivere til at desse løysingane blir tatt i bruk.
439 Hovudstrategien for ny teknologi må vere løysingar som reduserer energibehovet og
440 elektrifiserer mest mogleg av transportsektoren. Resterande energibehov må dekkast av
441 fornybart drivstoff med lågt klima- og ressursforbruk.
442

- 443
- 444
- 445
- 446
- 447
- For å avgrense transportmengda og utnytte transportmidla betre må transport flyttast til dei minst miljøskadelege transportformene, og ny og betre teknologi må takast i bruk. Det betyr mellom anna at miljøavgiftene må vere høge på transport, både innan og over landegrensene.

448 **4.4 Industri**

449 Utviklinga av industrien er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen når det gjeld
450 klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er energieffektiv, har
451 god ressursutnytting og i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og lokale eller gjenvunne
452 ressursar, og har minimale utslepp av alle typar forureining og minimale naturinngrep i alle ledd av
453 produksjonen. Myndighetene må bidra til dette gjennom reguleringar, forskningsinnsats og
454 økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit ansvar for å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av
455 eiga verksemd.

456

457 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 458
- 459
- 460
- 461
- 462
- 463
- 464
- 465
- 466
- 467
- 468
- 469
- 470
- 471
- 472
- 473
- 474
- 475
- Forureinaren skal betale prinsippet må utvidast slik at verksemdar får ansvar for og forpliktingar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
 - Ny etablering av industri og bergverk må berre skje der det kan sikrast at dette ikkje fører til forureining eller andre verknader som skadar naturmangfaldet og tradisjonell bruk av området.
 - Det må utviklast alternativ materialproduksjon til erstatning for miljøskadelege material og deira råstoff.
 - Alle typar industri- og byggeverksemd, inkludert gruver, skal ha null avfall som mål. Restmassar og avfall skal prioriterast til produksjons-, bygge- eller anleggsføremål framfor bruk av nye råvarer og må ikkje deponerast i sårbare naturområde.
 - Der det er teknisk mogleg, skal gruvedrift gjerast under jorda framfor i dagbrot. Det må òg vere forbod mot å sleppe industriavfall i sjø eller fjordar, og gruvedrift på havbotnen må ikkje tillatast.
 - Fangst og lagring av CO₂ frå punktutslepp må takast i bruk for å redusere klimaforureining frå industrien.
 - Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern, med rask responstid og beredskap også for alvorlege ulykker under vanskelege forhold.

476 **4.5 Forbruk, avfall og handel**

477 Mange av varene vi forbruker, er ressurskrevjande og miljøskadelege. For å redusere
478 miljøpåverknaden av forbruket vårt må vi forbruke mindre, samstundes som varene vi bruker, må
479 vere miljøvennelege og lette å vinne att. For å redusere miljøpåverknaden frå transport er det eit mål
480 å produsere varer nært forbrukarane når ressursgrunnlaget tilseier det.

481

482 Å ta hand om avfall vil alltid gje forureining eller anna miljøpåverknad. Derfor må avfallsmengda
483 gjerast minst mogleg, og vi må sjå avfall som ein ressurs – ikkje som søppel. Det må leggest til rette
484 for ombruk, i tillegg til resirkulering og attvinning av produkt og materiale. Der dette ikkje er mogleg,
485 bør forbrenning av avfall skje med energiattvinning.

486

487

488

489

490 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 491 • For å redusere forbruk og avfallsmengde må produkt vere produsert for å vare lengst
- 492 mogleg, vere lette å reparere og brukast om att og enkle å resirkulere. Alt avfall skal i
- 493 utgangspunktet bli resirkulert eller gjenvunne.
- 494 • Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- 495 • Nye kjemikaliar må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kjem til å
- 496 oppkonsentrerast i næringskjeda, eller at dei ikkje gjer alvorleg skade på levande organismar.
- 497 • Det må stillast strenge miljøkrav ved innkjøp og avfallshandsaming så vel til private hushald
- 498 som til offentleg og privat verksemd.
- 499 • Det offentlege må vere ein spydspiss når det gjeld innkjøp og forbruk av miljøvennlege
- 500 produkt og tenester.
- 501 • Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til handelsavtalar.

502

503

504 **4.6 Krig og fred**

505 Krigar fører, ved sida av store menneskelege lidningar, også til store naturskadar. Fred er ein

506 føresetnad for internasjonalt samarbeid for å løyse miljøproblema. Militært utstyr står for ein stor

507 del av verdas forbruk av mineralressursar og fossile brennstoff. Naturvernforbundet støttar arbeidet

508 for fred og ynskjer at Noreg skal spele ei aktiv rolle i dette.